



Utvalg: Kontrollutvalet i Stord kommune
Møtestad: Matsalen, Podlen verkstad AS
Dato: 27.11.2017
Tidspunkt: 14:00 – 17:15

Følgjande faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Fredrik Litleskare	Leiar	H
Peggy Husevik Bærøy	Nestleiar	V
Odd Ståle Larsen	Medlem	FRP
Anna Herborg Førland	Medlem	AP
Tarjei Haga	Medlem	AP

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Omvising på Podlen verkstad AS, v/ dagleg leiar Odd Stuve Rommetveit, i starten av møtet.

Andre som møtte:

Navn	Stilling
Willy Hauge	Partner i KPMG AS
Ole Willy Fundingsrud	Forvaltningsrevisor i KPMG AS
Hogne Haktorson	Kontrollsjef, Hordaland fylkeskom., sekret. for kontr.utv

Fredrik Litleskare
utvalsleiar

Hogne Haktorson
utvalssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 42/17	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 43/17	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 44/17	Forvaltningsrevisjon av prosjektstyring og oppfølging av investeringar - status i arbeidet		2017/17
PS 45/17	Revisjonsplan 2017 for Stord kommune		2015/178
PS 46/17	Utvelging av forvaltningsrevisjon		2015/181
PS 47/17	Kurs i regi av revisor		2016/2
PS 48/17	Møteplan 2018 for kontrollutvalet i Stord kommune		2016/40
PS 49/17	Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune		2015/177
PS 50/17	Referatsaker		
RS 27/17	Rekneskapsstatus - kontrollutvalet per 15.11.17		2015/179
RS 28/17	Rådmannen sitt framlegg til budsjett - kontrollutvalet 2018		2015/179
PS 51/17	Eventuelt		2016/91

PS 42/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 27.11.2017

Handsaming i møtet:

Det framkom ikkje merknader til innkalling og saksliste.

Vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjent

PS 43/17 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 27.11.2017

Handsaming i møtet:

Det framkom ikkje merknader til protokoll frå møte 30.08.17.

Vedtak:

Protokoll frå møte 30.08.17. vart godkjent.

PS 44/17 Forvaltningsrevisjon av prosjektstyring og oppfølging av investeringar - status i arbeidet

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet henstiller om at Deloitte gjer mest mulig av gjenstående revisjonsarbeid før årsskiftet 2017/2018.
2. Utvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 02.02.2018, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.
3. Det er ønskjeleg at Deloitte, i samband med at revisjonsrapporten vert send på høyring til rådmannen, ber om at han også tar stilling til korleis forslag til tiltak som ligg i rapporten bør prioriterast.
4. Rapporten vert å handsama i første kontrollutvalsmøte i 2018.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 27.11.2017

Handsaming i møtet:

Etter sams drøfting vart ordlyden i pkt. 2 og 3 forsterka ein del.
Forslag til vedtak, med endringar i pkt. 2 og 3, vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet henstiller om at Deloitte gjer mest mulig av gjenstående revisjonsarbeid før årsskiftet 2017/2018.
2. Utvalet forventar at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 02.02.2018, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.
3. Kontrollutvalet ber Deloitte, i samband med at revisjonsrapporten vert send på høyring til rådmannen, om at han også tar stilling til korleis forslag til tiltak som ligg i rapporten bør prioriterast.
4. Rapporten vert å handsama i første kontrollutvalsmøte i 2018.

PS 45/17 Revisjonsplan 2017 for Stord kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar revisjonsplanen og informasjonen om rekneskapsrevisjonen så langt i 2017 frå KPMG til orientering.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 27.11.2017

Handsaming i møtet:

Partner Willy Hauge i KPMG AS informerte om revisjonsplan og arbeidet med rekneskapsrevisjonen, og kom mellom anna innom dette.

- Vanlegvis vert revisjonsplanen lagt fram for kontrollutvalet i første haustmøte.
- Så kjem interimrevisjonsrapport, eller orientering om status for denne, i siste haustmøte.
- Det er fint om utvalsmedlemmar har innspel til revisjonsplanen.
- KPMG har alt attestert for to momsterminar.
- På spørsmål frå utvalet orienterte Hauge litt om sjølvkost

- På spørsmål frå sekretariatet vart det avklart at årsoppgjersbrev kjem kort tid etter revisjonsmeldinga til våren.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar revisjonsplanen og informasjonen om rekneskapsrevisjonen så langt i 2017 frå KPMG til orientering.

PS 46/17 Utvelging av forvaltningsrevisjon

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan
2. KPMG vert beden om å levera forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, evt. avgrensingar og ressursbruk.
3. Forslag til prosjektplan vert å levera til sekretariatet seinast 3 veker før neste kontrollutvalsmøte.
4. Prosjektplanen vert teke opp til godkjenning i neste møte.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 27.11.2017

Handsaming i møtet:

Utvalet drøfta ulike alternativ for neste forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Odd Ståle Larsen (FrP) sette fram forslag om «Forvaltningsrevisjon av offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging». Det er eit av dei prioriterte prosjekta i plan for forvaltningsrevisjon. Forslaget fekk støtte frå dei andre i utvalet.

Plan for forvaltningsrevisjon, samt overordna analyse som låg til grunn for planen, har i seg aktuelle moment for dette prosjektet. Utvalet drøfta dette og gav innspel til forvaltningsrevisor, som var til stades i møtet.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan «Forvaltningsrevisjon av offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging».
2. KPMG vert beden om å levera forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, evt. avgrensingar og ressursbruk.
3. Forslag til prosjektplan vert å levera til sekretariatet seinast 3 veker før neste kontrollutvalsmøte.
4. Prosjektplanen vert teke opp til godkjenning i neste møte.

PS 47/17 Kurs i regi av revisor

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at KPMG gjennomfører kurs innandato:.....
2. Kontrollutvalet ber om at KPMG gjennomfører kurs innandato:.....
3. Sekretariatet vert beden om å ta seg av at det praktiske med organisering, kunngjering og avviking av kursa vert gjort, gjerne i samarbeid med kommuneadministrasjonen.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 27.11.2017

Handsaming i møtet:

Utvalet drøfta ulike kursalternativ.

Det var semje om å gå for desse kursa:

- Samfunnsansvar og antikorrupsjon
- Om forvaltningsrevisjon generelt, inkl. om kva som evt. kan vera eigna som tema for forvaltningsrevisjon innan etikk.

Ut frå forventa saksmengde til kontrollutvalsmøta i 2018, var det stemning for å ha kurs i tilknytning til andre og fjerde møte. Det er tenkt kurs på om lag 2 timar i tilknytning til desse møta. KPMG hadde ikkje merknader til at dei to halve kursdagane går av «kurskvoten» for første revisjons år.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet ber om at KPMG gjennomfører kurs innan samfunnsansvar og antikorrupsjon i tilknytning til utvalet sitt møte 18.04.17.
2. Kontrollutvalet ber om at KPMG gjennomfører kurs om forvaltningsrevisjon i tilknytning til utvalet sitt møte 10.09.18. Herunder og deltema om kva som evt. kan vera eigna som tema for forvaltningsrevisjon innan etikk.
3. Sekretariatet vert beden om å ta seg av at det praktiske med organisering, kunngjering og avvikling av kursa vert gjort, gjerne i samarbeid med kommuneadministrasjonen.

PS 48/17 Møteplan 2018 for kontrollutvalet i Stord kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten for 2018:

Dato:	Merknad:
01.03.2018	
18.04.2018	
15.05.2018	
10.09.2018	
29.11.2018	

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 27.11.2017

Handsaming i møtet:

Det vert lagt opp til møtestart kl. 14.00

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten for 2018:

Dato:	Merknad:
01.03.2018	Møtestart kl. 14.00
18.04.2018	Møtestart kl. 14.00
15.05.2018	Møtestart kl. 14.00
10.09.2018	Møtestart kl. 14.00
29.11.2018	Møtestart kl. 14.00

PS 49/17 Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 27.11.2017**Handsaming i møtet:**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

PS 50/17 Referatsaker**Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 27.11.2017****Handsaming i møtet:****RS 27/17 Rekneskapsstatus for kontrollutvalet sine konti.**

Sekretariatet orienterte om at:

- Det vert truleg noko udisponert innan revisjon grunna ei forseinking med pågåande forvaltningsrevisjonsrapport.
- Midlar til sekretariatet vil bli om lag som løyvde sum, med tillegg av kjent ekstrasum for gjennomføring av konkurranse om revisjonstenester for ny avtaleperiode.
- Samla sett ser det ut for at utvalet held seg innan totalt løyvde sum.

RS 28/17 Rådmannen sitt framlegg til budsjett for kontrollutvalet.

Utvalseiar orienterte om at

- kommunestyret gjekk inn for å redusera utvalet sitt budsjett med kr. 50.000 ift. rådmannen sitt budsjettframlegg.
- Det inneber at utvalet samla sett vil ha omlag kr. 70.000,- mindre til disposisjon for 2018 enn kontrollutvalet sitt budsjettframlegg.

Vedtak i saka var samrøystes

Vedtak:

Kontrollutvalet tar referatsakene til orientering.

PS 51/17 Eventuelt

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 27.11.2017

Handsaming i møtet:

Utvalet drøfta saker / saksfelt som kan vera aktuelle i komande arbeidsår.

Revisjon vedr. eiegenomen Evjestrånd

Utvalet ønskjer skriftleg tilbakemelding, med oppsummering av oppfølging etter kommunestyrevedtak i saka.

Idrettspolitikk.

Kontrollutvalet ønskjer å høyra med Idrettsrådet korleis det går, jmf. at utvale hadde oppe ei sak om saksfeltet i 2016.

Etikkarbeid i Stord kommune.

Utvalet ønskjer å invitera ordførar og rådmann til første kontrollutvalsmøte i 2018, for å orientera om arbeid med etikk i Stord kommune.

Eksterne tilsyn i 2017.

Utvalet vil be rådmannen om oversyn gjeldande kva eksterne tilsyn det har vore med Stord kommune i 2017. Fortrinnsvis og inkl. tilsynsrapportar.

Tertialrapportering

Utvalet ønskjer at tertialrapportar om økonomisk stode vert lagt fram som referatsaker. Det vert vurdert frå gong til gong å invitera inn rådmann og/eller økonomisjef for å orientera om slike rapportar i møta.

NKRF, kontrolutvalskonferansen 7. – 8. februar 2018.

Utvalet går inn for at utvalsleiar Fredrik Litleskare vert påmeldt her.

FKT, fagkonferanse 29. – 30. mai 2018.

Utvalet går inn for å vera representert med minst ein person. Tal deltakarar vert vurdert på neste utvalsmøte.

HFK, folkevaldopplæring 29. – 30. januar 2018

Alle i utvalet er påmeldt

Årsavslutning.

Utvalsleiar takka for arbeidsåret 2017. Han takka og dagleg leiar Odd Stuve Rommetveit for omvising og informasjon om Podlen verkstad AS.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

1. Revisjon vedr. eiegenommen Evjestrond
 - Utvalet ønskjer skriftleg tilbakemelding, med oppsummering av oppfølging etter kommunestyrevedtak i saka.
2. Idrettspolitik.
 - Kontrollutvalet ønskjer å høyra med Idrettsrådet korleis det går, jmf. at utvale hadde oppe ei sak om saksfeltet i 2016.
3. Etikkarbeid i Stord kommune.
 - Utvalet ønskjer å invitera ordførar og rådmann til første kontrollutvalsmøte i 2018, for å orientera om arbeid med etikk i Stord kommune.
4. Eksterne tilsyn i 2017.
 - Utvalet vil be rådmannen om oversyn gjeldande kva eksterne tilsyn det har vore med Stord kommune i 2017. Fortrinnsvis og inkl. tilsynsrapportar.
5. Tertialrapportering
 - Utvalet ønskjer at tertialrapportar om økonomisk stode vert lagt fram som referatsaker.
 - Det vert vurdert frå gong til gong å invitera inn rådmann og/eller økonomisjef for å orientera om slike rapportar i møta.
6. NKRF, kontrolutvalskonferansen 7. – 8. februar 2018.
 - Utvalet går inn for at utvalsleiar Fredrik Litleskare vert påmeldt her.
7. FKT, fagkonferanse 29. – 30. mai 2018.
 - Utvalet går inn for å vera representert med minst ein person.
 - Tal deltakarar vert vurdert på neste utvalsmøte.